

Referat frå foreldremøte for 3. klasse 19.september 2018

Det møtte foreldre/føresett frå 21 heimar. Takk for godt oppmøte☺

SAKER:

Skulekvardagen

Anette Hesjedal var med oss og vi gjennomførte eit dialogspel der vi skulle ta stilling til nokre påstandar og grunngje det vi meinte:

Korleis/på kva måte passar desse påstandane når det gjeld ditt barn:

«eg synest det er vanskeleg å tape, «belite» meg, å møte motstand og å bli einige».

Det kom fram at dette var vanskeleg for mange av elevane både heime og på skulen.

Neste spørsmål var:

Korleis ønskjer vi at klassemiljøet skal vere? Mulegheiter. Kva løysingar ser vi?

Dei svara som gjekk igjen var at ein ønskjer eit inkluderande miljø med rom for å vere annleis, at alle kan vere seg sjølv, at alle respekterer reglar, er greie med kvarandre, er romslige. At det er eit motiverande miljø med rom for læring, at all blir sett, mobbefritt.

For å få dette til er det viktig med større vaksenttelleik i friminutta, halde fram med TL-leikar, halde fram med leikegrupper og at det er fokus på gode relasjonar.

Til slutt skulle alle gruppene lage ei **aksjonsliste** der dei skulle skrive kva aktivitetar vi kan setje i verk for å nå målet.

HEILT KONKRET –

- 1. Kva kan foreldra gjere og***
- 2. Kva kan skulen gjere***
for å oppnå å «belite» seg, godta motstand og bli einige?

Skulen: Større vaksenttelleik i friminutta, bruke verktøy i undervisninga til diskusjon, bruke rollespel og sjå filmar om temaet, dialog med heimen om noko alvorleg skjer, ikkje behandle alle likt («det er rettferdig å behandle urettferdig»), høyre på begge partar i ein konflikt/diskusjon, vere konsekvente.

Heimane: Øve på tape t.d. i spel, invitere venner/klassekameratar med heim, tett dialog med barnet om skulekvardagen, snakke med og gje forklaring.

Norskfaget – nytt læreverk

Vi har tatt i bruk eit nytt læreverk dette skuleåret. ORDRIKET er har ei lesebok (A og B) og Arbeidsbok (A og B). Arbeidsboka er delt i fire «riker», med ulike arbeidsoppgåver relatert til ulike lesestykke i leseboka.

LESERIKET - her arbeider vi med ulike lesestrategiar og leseforståing

TALERIKET – her øver vi på å arbeide munnleg i heil klasse, samarbeide i grupper, snakke saman to og to

SPRÅKRIKET – her arbeider vi med grammatikk

SKRIVERIKET – her arbeider vi med ulike skriveoppgåver, skriving av ulike typar tekstar

Vi oppmodar alle til å skrive ein kort kommentar til leseleksa kvar veke. Her kan de også skrive korleis det går med skrivelekse og matematikklekse.

Grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning

Dette betyr at det vert arbeidd med lesing, skriving og rekning i alle fag. I naturfag og samfunnsfag må ein lese saktekstar og gjerne lage tabellar og statistikk. I matematikk skal vi lære å løyse tekstoppgåver og elevane må lære å lese oppgåvetekstar. Desse grunnleggjande ferdigheitene tek vi i bruk i alle fag, på ulikt vis.

Litt informasjon og påminning

Les vekeplanen kvar veke, både framside og bakside. Her kjem det informasjon om det t.d. vert endringar på timeplanen, elevane skal ha noko med seg

Øv på å knyte sko heime

Engelsk: Det kan vere lurt å øve litt på engelsk heime sjølv om elevane ikkje har lekser enno. Vi har berre 1 time engelske i veka og det er lite i forhold til å nå kompetansemåla i engelsk etter 4.trinn. Gå inn på heimesida til skulen(sjå vekeplanen), vel klassetrinn og gå inn på Stairs. Der ligg det ein del opne oppgåver.

Det kan også vere lurt å sjå barnefilmar med engelsk tekst og ta bort underteksten når barna kan handlinga godt. Då må dei følgje meir med i samtalanene i filmen.

Maren Fosse Erstad

-referent-